



Roger Solhaug
Seimsleitet 125
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4475 - 23/59015

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
18.07.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 172/22 Hopland

Tiltak: Tilbygg/påbygg
Byggjestad: Gbnr: 172/22
Tiltakshavar: Roger Solhaug

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om endring av gitt løyve og ferdigattest 01.06.2023. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kontrollerklæring frå ansvarleg føretak.
Det går fram av byggjeløyvet datert 23.11.1998 at tiltaket krev bruk av ansvarlege føretak. Du må derfor senda inn kontrollerklæring frå føretaket som har utført arbeidet. Dersom føretaket ikkje lenger eksisterer må du innhenta ny erklæring om ansvar frå anna føretak for arbeidet som er utført, eller du søkja om personleg ansvarsrett for arbeid på eigen bustad.

Skjema for personleg ansvarsrett finn du her:
[Søknadsskjemaer for byggesak - Direktoratet for byggkvalitet \(dibk.no\)](#)
Sjå fana for skjema for ansvarsrett.
2. Oppdaterte teikningar som er målsett.
3. Oppdaterte tal over bygd areal og bruksareal.
4. Dokumentasjon som viser tilstrekkeleg tryggleik mot fare. Tiltaket ligg innanfor faresone ras- og skredfare i kommunedelplanen for Lindås. Før kommunen kan behandla søknaden må det dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot ras- og skredfare. Dokumentasjon skal utarbeidast av fagkyndig.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.08.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Ansvarsrett - gbnr 172-22

Mottakarar:

Roger Solhaug

Seimsleitet 125

5912

SEIM